

Fråsegn

Me opplever i dag ei klimakrise, der spørsmålet om korleis ein skal redusera karbontapet til atmosfæren blir stadig meir påtrengande. Det har ført til auka press for å satsa på fornybar energi, noko som ofte går på kostnad av naturen i form av tørrlagte elver og arealkrevande vindmølleparkar, og utstrakt bruk av bioenergi fører til nedhogging av skog som det kan ta 100 år eller meir å retta opp att. Tankegangen bak denne strategien er å kunna redusera utsleppet av CO₂ frå fossilt brensel utan å måtta redusera energiforbruket totalt. Innan EU er det denne tankegangen som dominerer, og Solberg-regjeringa har følgd opp. Norsk vind- og vasskraft blir lansert som «grønt batteri» for Europa.

Det siste desperate utspelet frå EU er forslaget om å omdefinera gasskraft og atomkraft som «rein» fornybar energi. Dette er å lura seg sjølv. Desse energiformene blir ikkje meir fornybare ved å omdefinera dei. I staden for å byggja ned natur, snauhogga skog og grønvaska gass- og atomkraft burde EU gå inn for reduksjon av energibruken. Det fins eit enormt potensial - berre i Norge kan det sparast inn 50-60 TWh på slike tiltak – ved å effektivisera eldre kraftverk, utvikla ENØK-tiltak, varmepumper og jordvarme. Potensialet for solenergi er heller ikkje på langt nær utnytta. I staden for å leggja seg på EU si linje med å seia «ja takk, begge deler» og la naturen og miljøet betala rekninga og grønvaskinga, bør den nye raudgrøne regjeringa ta ei sjølvstendig avgjerd ved å gå i spissen for ein energipolitikk som inneber ein generell reduksjon av energiforbruket, og at norsk energi blir brukt til å byggja opp nye arbeidsplassar til erstatning for tapte arbeidsplassar i oljeindustrien, utan å byggja ned norsk natur.

Oddvar Skre